



Saksframlegg

Telemark Bilruter - Emisjon

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret

Dokument i saka:

Vedlegg

- 1 Ekstraordinær GF - innkalling.pdf
- 2 Foreløpig rekneskapstal 30.11.25.xlsx
- 3 Møtebok.pdf
- 4 Vedlegg til sak 4 Likviditetssituasjon - v1 (1).pdf

Bakgrunn for saka:

29. januar blei det halde ekstraordinær generalforsamling i Telemark Bilruter. Bakgrunnen er svake økonomiske resultat dei seinare åra. Selskapet gjekk med underskot på over 27 millionar i 2023 og nesten 20 millionar i 2024. Også i fjor blei det underskot. Storleiken på dette er ikkje klart enno, men det er ei resultatforbetring samanlikna med 2024. Styret konkluderer med at selskapet treng å få tilført kapital for vidare drift utover i 2026 og inn i framtida, og tok difor initiativet til ei ekstraordinær generalforsamling. Meir om rekneskapstal for verksemda finn ein ved å følgje denne [lenka](#).

Generalforsamlinga beslutta ein retta emisjon mot selskapets aksjonærar, der målsetjinga er å hente inn 6-12 mill. kr. Sjå meir i vedlagde innkalling. Fyresdal kommune sin relative del av emisjonen, basert på eigardelen på snaue 8%, er mellom 0,5 og 1 mill. kr.

Kommunane i Vest-Telemark har desse eigardelane i selskapet:

Fyresdal	7,87%
Kviteseid	0,29%
Nissedal	0,044%
Seljord	2,71%
Tokke	2,23%
Vinje	16,75%

Nokre av dei private eigarane:

Morgedal AS	10,53%
Sparebanken Din	9,91%
Tide AS	3,72%
Tinn Billag AS	3,40%

Johan S. Straand	3,13%
Asbjørn Fossli	2,37%

Eigarstrukturen i selskapet er brei - det er til saman om lag 200 eigarar. Aksjen har karakter av å vere ein folkeaksje.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Fyresdal kommune skal nytte dei økonomiske ressursane til beste for fellesskapet.

Den økonomisk situasjonen for selskapet har blitt dramatisk forverra sidan 2022 Samla eigenkapital var då 128 millionar. Ved inngangen til 2025 hadde den krympa til under 78 millionar kroner. Med tap også i 2025 blir det ein ytterlegare reduksjon. Bilrutene har mista mykje busskøyring, og innrettinga av anbodskriteria frå fylkeskommunen avskar dessverre selskapet frå å delta i konkurransen om skule- og lokalruter når ny avtaleperiode på 12 år skulle tildelast. Selskapet merkar òg nedgang i godstransport som følgje av låg byggeaktivitet genererelt sett.

Selskapet har totalt 157 tilsette, fordelt slik:

Region	Tal tilsette
Vest-Telemark	57
Midt-Telemark	11
Nedre Telemark og Grenland	29
Aust-Telemark	6
Utanfor Telemark	54

Telemark bilruter er ein betydeleg privat arbeidsgjevar i Vest-Telemark, og ein konkurs kan nok merkast i regionen. Samstundes handlar direkte kommunalt eigarskap i aksjeselskap om å forvalte innbyggjarane sine verdiar på best mogleg måte – det må kort sagt vere eit tydeleg definert formål, og formålet må stø opp om å sikre gode tenester, samfunnsoppdraget og politisk styring. Samanhengen mellom desse føresetnadane og eigarskapen i bilrutene har blitt svakare med åra, ref. både eigedomssal og busskøyringa som no avgrensar seg til Haukeliekspressen saman med Tide.

Selskapet er godt posisjonert for å ta ei sentral rolle i samband med eit omfattande transportbehov knytt til datasenterutbygging i Fyresdal over ein fireårsperiode. Eventuell kontrakt på dette oppdraget blir avklart etter at det er teke ei investeringsavgjerd i Fyresdal, men det er lagt eit grunnlag for at lokale verksemder vil få oppdrag.

Viss Fyresdal kommune skal delta i emisjonen med utgangspunkt i at selskapet treng minimum 6 millionar, må ein gå inn med kr. 500 000. Med eit utgangspunkt i 12 millionar, må ein gå inn med 1 millionar. Avhengig av kva dei andre aksjonærane går inn med vil den einskilde aksjonærs aksjepost reduserast, oppretthaldast eller aukast. Ein aksjonær kan også vurdere å gå inn med meir enn dem prosentvise delen ein er bedd om dersom ein meiner at dette er hensiktsmessig.

Selskapets strategi er nå å få kontraktar i samband med datasenterutbygginga i Fyresdal. Disse forhandlingane har starta, og det er stor tru på at dette vil lukkast. Utbygginga av datasenter i Fyresdal har starta med å rydde tomt og oppstart på grunnarbeid. Dette skjer sjølv om endeleg investeringsbeslutning ikkje er teke. Det er derfor et spørsmål om Fyresdal kommune som aksjonær bør ta eit større ansvar enn det aksjeposten tilsei. Dersom ein går inn med meir kapital i emisjonen enn det som er størrelsen på aksjeprosenten vil eigarskapet i selskapet auke.

Den nye kapitalen som Fyresdal kommune går inn med kan takast frå disposisjonsfondet.

Telemark bilruter har lange tradisjonar i Vest-Telemark med utgangspunkt i Fyresdal bilruter, og Fyresdal kommune har hatt eit langt eigarskap. Det kan vere positivt for aksjeposten til kommunen, at ein bidreg til halde i gang drifta fram til at ei avklaring om transporttenester i første rekkje mot utviklinga i Fyresdal som kan gje eit sårt tiltrengt løft.

Konklusjon:

Kommunedirektøren anbefaler går inn for å hjelpe selskapet over den første kneika med minimum 1 million kroner. Kommunedirektøren anbefaler også at ordførar får fullmakt til å gå inn med ytterlegare økonomiske middel opp mot 1,5 millionar kroner dersom ordførar i prosessen ser at det er føremålstenleg.

Kommunedirektørens grunngjeving for dette er å sikre selskapet slik at ikkje aksjekapital og arbeidsplassar går tapt, når ein nå står i forhandlingsposisjon opp mote transportoppdrag i samband med datasenterutbygginga i Fyresdal. Kommunedirektøren meiner at Fyresdal kommune som aksjonær har eit særskilt ansvar når det er datasenteretalinga som kan redde selskapet.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Fyresdal kommune deltek i retta emisjon i Telemark Bilruter AS med inntil kr 2 500 000,-. Ordførar får fullmakt til å fastsette endeleg emisjonsbeløp ut i frå prosessen fram mot og i generalforsamling, slik at Fyresdal styrker sin posisjon som aksjonær i selskapet.

Utgiftene til deltaking i emisjonen til Telemark Bilruter AS med maksimalt kroner 2 500 000,- dekkast av disposisjonsfondet.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Ulf Pedersen
	kommunedirektør